Referat frå møte i rådet
ved Institutt for framandspråk

Merknader til referatet må sendast arve.uthaug@uib.no seinast 30. oktober 2016.

Møtedato: onsdag 19. oktober 2016
Stad: seminarrom 301 i tredje høgda av HF-bygget

Til stades:
Frå gruppe A: Ludmila I. Torlakova (arabisk), Kari Haugland (engelsk), Helge Vidar Holm (fransk), Reidar Veland (italiensk), Harry Solvang (japansk/kinesisk), Brita Lotsberg Bryn (russisk), Jon Askeland (spansk) og Åsta Haukås (tysk)
Frå gruppe B: ingen
Frå gruppe C: Hild Meland Rød
Frå gruppe D: Birgitte Vågnes Bakken.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste
Godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referatet frå 14. september 2016
Godkjent utan merknader.

Sak 3 – orienteringssaker
Ingen saker.

Sak 4 – Prioritering av vitskaplege stillingar ved instituttet

Vedtak (samrøystes): Instituttrådet tilrår ei prioritering av tilsetjing i vitskaplege stillingar i tråd med det rangerte framlegget frå instituttleiinga. Instituttleiinga får fullmakt til å grunngje prioriteringane og gjera ferdig brevet.

Instituttet prioriterer dermed tilsetjing i stillingar i denne rekkjefølgja: 1. latinamerikansk kulturkunnskap, 2. fransk litteraturvitskap, 3. spansk fagdidaktikk, 4. universitetslektor i engelsk fagdidaktikk, 5. universitetslektor i japansk språk, 6. førsteamanuensis i tysk språk.

Holm uttrykte på vegner av franskfaget eit ønske om at faget på sikt får ei ny stilling (dvs. ei tredje stilling) i fransk språk, sjølv om han var innforstått med at verken denne eller stillingane i arabisk og russisk språk kjem inn på prioriteringslista vi sender fakultetet denne gongen. Holm bad òg om at det ikkje skulle stå at den mellombelse 20-prosentstillinga i fransk kulturkunnskap «forutsettes avviklet», men heller at stillinga ville bli vurdert.

Sak 5 – ymse
Ingen saker.

Åse Johnsen,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef